



Jf. adresseliste

**Sakshandsamar:** Finn Owen Meling  
**Telefon direkte:** 45427874  
**Dato:** 07.08.2017  
**Referanse:** 16/14635-14

## Høring - søknad om fornya konsesjon for fire helikopterplassar i Stranda kommune

Stranda kommune søkte 22.12.2016 om fornying av konsesjon for å driva og inneha fire helikopterplassar i kommunen – Stranda sentrum, Maskinstasjonen, Kjølén og Beredskapssenteret.

### 1. Nærare om bakgrunnen for saka og søknaden

Stranda kommune fekk ved Luftfartstilsynet sitt vedtak 15.06.2007 konsesjon til å starta opp, driva og inneha fire helikopterplassar i Stranda. Dei fire landingsplassane var plassert ved Stranda sentrum, Maskinstasjonen, Kjølén og Beredskapssenteret, og fekk namn etter dette. Konsesjonen blei gitt i samband med at det var naudsynt å nytta landingsplassane for overvaking og beredskap knytta opp mot det såkalla Åknes/Tafjord-prosjektet.

Konsesjonen gjaldt for 10 år, fram til og med 01.07.2017. Det blei gitt følgjande løyve til flyging:

- Beredskapssenteret: maksimalt 50 flyrørslar pr. veke, og 2500 pr. år
- Kjølén: maksimalt 50 flyrørslar pr. veke, og 2500 pr. år
- Maskinstasjonen: maksimalt 35 flyrørslar pr. veke, og 1800 pr. år
- Stranda sentrum: maksimalt 15 flyrørslar pr. veke, og 780 pr. år.

Alle landingsplassane blei gitt løyve til bruk heile året under VFR-tilhøve (VFR = Visual Flight Rules). Føremålet med flygingane skulle primært vera knytta opp mot føremålet med søknaden.

I søknaden om fornya konsesjon skriv Stranda kommune at landingsplassane framleis skal nyttast i samband med Åknes/Tafjord-prosjektet, og slik overvaking og beredskap som i førre konsesjonsrunde. Kommunen peikar på at helikopterflyging er naudsynt for å kunna overvaka dei aktuelle områda, grunna den geografiske plasseringa til områda. Kommunen ventar om lag same bruk av landingsplassane for framtida som i dag.

Kommunen har til søknaden lagt ved oversikt over plansituasjonen for områda landingsplassane ligg på, og kommunen viser til den støyvurderinga som dei sende inn i lag med førre konsesjonssøknad.

Luftfartstilsynet nevner at sidan søknaden om fornya konsesjon kom inn tidlegare enn 6 månader før utløpet av gjeldande konsesjon, så vert den gjeldande konsesjonen automatisk

[Luftfartstilsynet / Civil Aviation Authority](#)

T: +47 75 58 50 00  
F: +47 75 58 50 05  
E: [postmottak@caa.no](mailto:postmottak@caa.no)

Postadresse:  
Postboks 243  
8001 BODØ

Besøksadresse:  
Sjøgata 45-47  
8006 BODØ

Fakturaadresse:  
[fakturamottak@caa.no](mailto:fakturamottak@caa.no)

Fakturamottak DFØ  
Postboks 4104  
2307 HAMAR

fornya fram til søknaden er avgjort. Me viser til § 14 tredje ledd i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplasser.

Me viser elles til kopi av søknaden, som saman med dei andre høyringsdokumenta er tilgjengeleg på [www.luftfartstilsynet.no](http://www.luftfartstilsynet.no), under fana «Høringar».

## 2. Konsesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller inneha ein landingsplass skal som hovudregel inneha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det kan bli sameina med allmenne omsyn. Det skal bli henta inn uttale frå tilknytt kommunale og andre mynde før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplassar (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som har slik ordlyd:

*«Formålet med forskriften er:*

*b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»*

Det følgjer vidare av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn grunn til å krevja. Konsesjon for landingsplassar til privat bruk blir som hovudregel gitt for ein periode på 10 år, i samsvar med konsesjonsforskrifta § 15.

I konsesjonsforskrifta § 14 er det stilt krav til kva opplysingar som skal følgja med ein søknad om fornya konsesjon.

## 3. Høyringa

Luftfartstilsynet ber høyringsinstansane om ei vid vurdering av landingsplassane si drift opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyna som er tekne inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b.

Ut over dei sidene av saka høyringsinstansane eventuelt sjølv ønskjer å ta opp, ber me om at høyringsinstansane tar stilling til dei forholda som er nemnde i pkt. 3.1 flg.

### 3.1 Forholdet til kommunal arealplan

Det følgjer av luftfartslova § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan bli gitt i strid med vedtekte arealplanar etter plan- og bygningslova. Konsesjon kan likevel bli gitt i strid med arealplan dersom vedkomande plan- og bygningsmynde samtykker til ferdighandsaming av konsesjonssøknaden.

Ettersom kommunen sjølv er konsesjonshavar, og det er snakk om ei fornying av konsesjon for etablerte landingsplassar, så tar Luftfartstilsynet utgangspunkt i at ei fornying av konsesjonen

for dei fire helikopterplassane ikkje vil vera i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova.

### 3.2 Forholdet til naturmangfaldlova

Luffartstilsynet har i innleiinga i sakshandsaminga sett til lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) §§ 8 til 12, jf. § 7.

Sidan søknaden gjeld det at ei etablert verksemd held fram, er det vanskeleg for Luffartstilsynet å sjå at ei fornying av konsesjonen vil komma i konflikt med prinsippa i naturmangfaldlova, eller at det er grunnlag for å gjera nærare undersøkingar etter lova.

Luffartstilsynet går likevel ut frå at høyringsinstansane kan ha større kunnskap om naturmangfaldet i området, og om landingsplassen sin moglege innverknad på dette. Om det er slike forhold som ein meiner gjer det naudsynt med ei nærare vurdering, ber me om ein særskild kommentar til dette ved sida av ei oversending av det konkrete kjeldegrunnlaget kommentaren byggjer på.

### 3.3 Støy

Når det gjeld støy, så tar Luffartstilsynet utgangspunkt i at den støyrapporten som vart lagd fram i samband med førre konsesjonsrunde jamt over også er dekkande for situasjonen i dag. Me registrerer likevel at støyrapporten byggjer på eit lågare tal på flyrørslar for landingsplassen ved Stranda sentrum, enn det gjeldande konsesjonsvilkår legg opp til.

Støyrapporten vart utarbeidd av Sintef i 2006, og den tek for seg støy ved landingsplassane i Stranda sentrum og ved Beredskapssenteret. Det er ikkje lagt fram støyrapport for landingsplassane i Kjølén og ved Maskinstasjonen, men Luffartstilsynet går ut frå at dette har samband med at desse to landingsplassane ligg i god avstand frå støysensitive område. Me viser mellom anna til vedtaket i førre konsesjonsrunde, der det ikkje vart registrert merknader til at det ikkje vart gjort støyvurdering av desse landingsplassane.

I samband med søknaden om fornya konsesjon er det kome innspel frå personar busette nær landingsplassen ved Beredskapssenteret. Desse har peika på at støyen frå denne landingsplassen er plagsam, og at det skjer flygingar både tidleg og seint på dagen, frå kl. 0700 til så seint som kl. 2230. Dette inneber at flygingar skjer utanom dei tidene som var lagde til grunn i støyrapporten.

Det vert også peika på at det i realiteten berre er den eine av dei fire landingsplassane – den ved Beredskapssenteret - som vert nytta, og at deler av grunngevinga for førre konsesjonsvedtak dermed fell vekk. Det førre konsesjonsvedtaket var delvis grunna med at konsesjon til fire landingsplassar truleg ville redusera miljøulempene for nærområda totalt sett, ettersom helikoptertrafikken då ville kunna bli fordelt mellom fleire landingsplassar. Det vert vidare peika på at ein nyttar innflygingstrasear som ikkje er lagde til grunn i støyrapporten, at flygingar skjer med andre føremål enn Åknes/Tafjord-prosjektet, og at det ikkje har blitt iverksett støyførebyggjande tiltak ved landingsplassane. Det var eit vilkår i Luffartstilsynet sitt førre konsesjonsvedtak at Stranda kommune skulle undersøkje behovet for slike tiltak.

Luffartstilsynet finn at det er av særskilt interesse for saka å få innspel knytta til støy. Me ber også om at kommunen kommenterer merknadane frå naboar til landingsplassen ved Beredskapssenteret.

Vår dato  
07.08.2017

Vår referanse  
16/14635-14

---

### 3.4 Konesjonsvilkår

Dei vedlagde utkasta til konsesjonsvilkår byggjer på Luftfartstilsynet sin generelle praksis og mal for vilkår, på opplysningar i søknaden og på eksisterande vilkår.

Med omsyn til flyrørsler, vil Luftfartstilsynet peika på at ei flyrørsle er enten ein avgang eller ei landing med luftfarty. Flyrørslene vil famna om all aktivitet på landingsplassen. Ramma for trafikkomfanget er absolutt. Dersom det i konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal på flyrørsler, må konsesjonen først bli endra.

Me understreker at dei vedlagde konsesjonsvilkåra er førebelse utkast, og at desse såleis kan bli endra i etterkant av høyringa.

## 4. Høyringsfrist

Me ber om at eventuelle uttale til søknaden og konsesjonsvilkåra blir sende til Luftfartstilsynet **innan 6. november 2017**.

Med unntak av dette høyringsbrevet, blir ikkje dokumenta som inngår i høyringa sende per post. Alle høyringsdokumenta er tilgjengelege på [www.luftfartstilsynet.no](http://www.luftfartstilsynet.no), under fana «Høringer».

Kommunen må i samband med høyringa sjølv vurderer om søknaden skal bli lagt ut på lokal kommunal høyring før eventuell uttale blir gitt, eventuelt at høyringa skal bli send vidare til naboar til landingsplassane.

Med venleg helsing

Hege Susann Aalstad  
fungerande juridisk direktør  
Direktoratsavdelingen

Finn O. Meling  
juridisk seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjend og krev derfor ikkje signatur.*

Vedlegg:

- Utkast til konsesjonsvilkår
- Søknad om fornya konsesjon
- Støyrapport
- Kommunedelplan Hevsdalen
- Reguleringsplan Stranda Sentrum
- Luftfartstilsynet sitt førre vedtak om konsesjon

Vår dato  
07.08.2017

Vår referanse  
16/14635-14

---

Adresseliste:

- Stranda kommune
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Møre og Romsdal fylkeskommune